



Hordabø skulemusikklag
Hella 116
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/233 - 15/12449

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

10.11.2015

Fordeling kulturmidlar 2015 - musikk

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar heimehørande i Radøy kommune. Det er sett av kr 375 000 til kulturmidlar for 2014, som skal fordelast etter retningslinjer vedteke i formannskapet i sak 55/00. Kulturmidlane skal etter vedtektene fordelast etter følgjande nøkkel: kr 10 000 til lag for funksjonshemma, 45% til idrett, 35 % til song og musikk og 20 % til andre lag og organisasjonar. Dette utgjør kr 127 750 til fordeling etter søknad til lag som kjem i kategorien song og musikk.

Kriteria som skal vektleggjast ved tildeling er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma
- aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Radøy musikkråd har hatt saka til høyring, og kome med uttale.

Rådmannen har i fordelinga lagt vekt på medlemstal under 18 år og aktivitetsnivå. Det er også lagt vekt på at laget skal ha aktivitet i Radøy kommune.

Rådmannen vedtar følgjande fordeling av kulturmidlar:

Lag	Tilskot
Hordabø skulemusikklag	Kr 25 000
Manger skulemusikklag	Kr 33 000
Sæbø skulemusikklag	Kr 30 000

Radøy brass	Kr 20 000
Rockeverkstaden	Kr 12 750
Radøy damekor	Kr 7 000
Manger/Alvidt songlag	Kr 0
Meland barne- og ungdomskantori	Kr 0

Beløpa vert sett inn på bankkontonummer oppgjeve i søknaden. Manglar det godkjend revidert rekneskap for 2014, må dette leverast inn før pengane vert utbetalt dykkar konto.

Takk for god frivillig innsats i 2015, og lukke til med arbeidet neste år!

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som vert ønskt, og dei grunnar De vil gje for klaga.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Radøy musikkråd

Mottakarar:

Hordabø skulemusikklag	Hella 116	5936	MANGER
Radøy Brass	Finnbergåsen 16	5063	BERGEN
Radøy Damekor			
Rockeverkstaden	Radøy ungdomskkule	5936	MANGER
Sæbø skulemusikklag	Fjellsendavegen 41	5938	SÆBØVÅGEN
Manger Skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER